Høyringsinnspel sak 25/1844 Skulestruktur – FAU Flekke skule

FAU ved Flekke skule har over fleire år gleda seg over den positive utviklinga som har vore i bygda og på skulen. Elevauke som følgje av tilflytting og heimflytting, stabilitet hjå dei tilsette ved skulen og godt samarbeid mellom foreldra i bygdene som høyrer til skulekrinsen har ført til ein god skule.

No ser vi med stor uro på framlegget om å legge ned skulen og kva det vil føre til for borna våre og familiane våre. Skulenedlegging fører til at bygder mister ein stor del av identiteten sin og vi trur dette også vil skje i Flekke. Då vil vi miste det unike ved bygda som gjer at så mange har flytta hit og etablert seg her eller i dei kringliggande bygdene.

FAU har forståing for at kommunen er i ein økonomisk vanskeleg situasjon. Samtidig er det stor usikkerheit knytt til saksutgreiinga og det økonomiske grunnlaget for å gjere endringar i skulestrukturen i Fjaler og legge ned Flekke skule.

FAU meiner saksgrunnlaget frå kommuneadministrasjonen har vesentlege manglar innanfor både juridiske, faglege og økonomiske tilhøve.

Det å fatte eit irreversibelt nedleggingsvedtak utan at dei reelle økonomiske og samfunnsmessige konsekvensane for born, familiar, lokalmiljø og næringsliv i Flekke er tilstrekkeleg utgreidde, er svært kritikkverdig. Det vil utgjere ein stor risiko for kommunen over tid, særskilt med tanke på innbyggartal og økonomi. Dette har vi greia ut om i eige vedlegg ("Notat om sakutgreiing frå Flekke barnehage og skule").

For oss som har elevar på skulen framstår det som nærast uforståeleg å legge ned Flekke skule på grunnlaget som er lagt fram no. Før ei endeleg avgjerd blir teken, ber vi derfor kommunen om å sjå barnehagen, skulen, arbeidsplassane og lokalsamfunnet som ein heilskap, og vurdere dei langsiktige konsekvensane av ei skulenedlegging – særleg når det er stilt spørsmål ved om nedlegginga faktisk vil føre til økonomiske innsparingar.

Det unike oppvekstmiljøet i Flekke er lett å miste og svært vanskeleg å erstatte. Derfor ber vi dykk om å bevare Flekke Skule.

Kva taper ein ved å legge ned Flekke skule?

Forskning trekk fram fordelar ved fådelte skular som vi foreldre kjenner att frå borna våre sin skulekvardag i Flekke og som over år har vore kvalitetar vi har sett høgt ved Flekke skule. Vi ser at Flekke skule lykkast i å utnytte fordelane ved å vere ein fådelt skule og såleis gjer borna våre erfaringar og kompetanse som ein ikkje kan få på ein større skule.

Naturleg tilpassing og redusert prestasjonspress:
Elevar har ulik utviklingstakt. Ved å ha aldersblanda grupper legg skulen til rette for tilpassa opplæring utan stigmatisering. Det vert ei sømlaus og naturleg tilpassing der elevar som treng støtte kan jobbe med oppgåver frå lågare trinn, medan elevar som treng faglege utfordringar kan få dette saman med høgare trinn. Ein viktig fordel frå dette er at ein kan unngå den samanlikninga som ofte skjer i reine årskull, sidan aldersblanda grupper fører til ein naturleg aksept for eit breiare spekter av meistringsnivå.

Gjensidig modell-læring og auka sosial kompetanse:
Ein fådelt skule gjer elevar på ulike alderstrinn høve til å samhandle og lære av kvarandre i skulekvardagen. Når yngre og eldre elevar deler læringsmiljø kan det leggje til rette for utvikling av sosial kompetanse gjennom samarbeid, leik og felles aktivitetar. Denne moglegheita ser vi at dei tilsette ved Flekke skule har god kompetanse i å nytte. Dei eldre elevane får utvikle ansvarskjensle, omsorg og evne til å vere gode rollemodellar, medan dei yngre elevane får oppleve tryggleik, meistring og tilhøyrsle i samspelet med dei eldre elevane. FAU ser dagleg gevinsten av denne måten å organisere skulekvardagen til borna våre. Dei utviklar empati, respekt, samarbeidsevne og forståing for andre sine behov. Vidare ser vi at samhandling på tvers av alder kan bidra til eit inkluderande skulemiljø der elevane lærer å ta omsyn til kvarandre og verdsetje ulike styrker og føresetnadar.

Tidleg oppdaging og betre inkludering:
FAU opplever at Flekke skule tidleg oppdagar teikn på elevar som er i ferd med å verte "usynlege" eller held på falle utanfor, slik at ein kan ivareta desse og unngå utanforskap. Vi trur dette er lettare ved ein mindre skule. Vi ser òg fordelen ved fådelt skule i denne samanhengen, då vennskap og relasjonar på tvers av alderstrinna gjer borna større sosial fleksibilitet og auka relasjonell kompetanse.

Overgangen frå barnehage til skule:

Ein av dei største overgangane i borna våre sitt liv, er når dei går frå barnehagen til å begynne på skulen. Ved å ha barnehage og skule i eit bygg, har ein i Flekke fått eit kontinuerleg samarbeid som fører til at den store overgangen vert betydeleg mindre. Borna kjenner lokala, skuleplassen, dei eldre borna og dei tilsette på skulen. Vi i FAU ser at dette gjer borna våre stor grad av føreseielegheit og tryggleik som reduserer vanskane i overgangen frå barnehage til skule.

<u>Vurdering av barnets beste</u>

Omsynet til barnets beste må vere eit sentralt tema når ein skal vurdere nedlegging av skular. Etter vår vurdering er vurderinga av barnets beste gjort på eit overordna nivå og framstår som generell. Vi kan ikkje sjå at det er gjort konkrete individuelle vurderingar knytt til auka reisetid, tryggleik på skuleveg, tapt kvardagstid og SFO.

FAU ber kommuneadministarsjonen og politikarane leggje prinsippet om barnets beste til grunn i vurderinga av ei eventuell skulenedlegging. Ei slik avgjerd handlar ikkje berre om skulestruktur og økonomi, men får direkte konsekvensar for borna sin kvardag, tryggleik, utvikling og tilhøyre til lokalsamfunnet.

Erfaring viser at det er viktig for Fjaler kommune å ha fleire skular å spele på når elevar av ulike årsaker har behov for å gå på ein annan skule enn sin nærskule. Flekke skule ligg mellom dei to andre skulane i kommune, noko som gjer at alle skulane kan dra nytte av kvarandre på ein gunstig måte. Det å ha fleire skular i kommunen gjer det mindre sårbart og vil vere særs positivt sett opp mot omsynet til barnets beste.

Skuleskyss

Flekke skulekrins omfattar fleire bygder og pr idag nyttar nær halvparten av borna taxi og/eller skulebuss for å kome til skulen. Dersom Flekke skule vert nedlagt fører det til lengre skuleveg for elevane og FAU er uroa for konsekvensane av at born frå 1. klasse får kring 1 time reisetid kvar veg. Agenda Kaupang viser til at tilrådd reiseveg for 1.4. klasse er 30 km og ikkje lenger enn 45 min i reisetid.
Pr i dag er det få elevar som ligg utanfor denne reisevegen. Dersom skulestrukturen vert endra og Flekke skule vert nedlagt, vil store delar av Guddal verte utanfor den aksepterte reisevegen. Det er ikkje vurdert i saksutgreiinga korleis den faktiske reisetida vil bli for elevane, noko som er særs uheldig. Skuleruta skal gjerne innom fleire grender slik at den faktiske reisetida kan vere ein god del lenger enn kva sjølve avstanden frå heim til skule tilseier. Eit konkret døme på dette er dei elevane frå Straumsnes som i dag går på ungdomsskulen i Dale. Normal reisetid frå Straumsnes til Dale er om lag 25 minutt, men på grunn av ekstra stopp langs ruta er den faktiske reisetida om lag 50 minutt. Det tek altså dobbelt så lang tid med skuleskyssen som det tek å køyre sjølv. I tillegg kjem tid etter skuletid der ein må vente på bussen. Totalt vert det då over 1 time frå skuleslutt før ein har komt seg heim, for ein reiseveg som tek 25 min å køyre. FAU kjenner til at det i dag er utfordrande å få det praktiske kring skuleskyssen til å gå opp. Korleis skal det då gå når nær 50 fleire elevar skal ha skyss til Dingemoen? Her har saksutgreiinga kun sett på mogelege ekstra kostnadar, og ikkje om ein faktisk kan sikre god og effektiv skuleskyss og på faktiske reisetider.

Komplisert kvardag – spesielt for dei som ikkje jobbar i Dale

Grunnen til mange har busett seg i Flekke skulekrins er nettopp nærleiken til skulen, og skulen er inkludert i planlegginga for at kvardagslogistikken med jobb, små born og fritidsaktivitetar mm skal gå opp. Mange foreldre jobbar utanfor Dale og er i fulltidsjobb. Slik det er no er det ein stor fordel å hente born på skule og barnehage i same bygd og bygg.

For mange er det naudsynt å ha borna på SFO. Om skulebarna vert flytta til Dingemoen stiller det krav om at foreldre skal bringe og hente då skuleskyssen kun er til og frå skulen. Det er ein krevjande del av livet å vera foreldre til små born og skulebarn. Skal ein legge inn køyring til og frå Dingemoen to gongar i løpet av ein dag, altså 28 km eller 40 minutt ekstra, tar det tid og krefter. Til dømes skal ein på morgonen levere eit born i Flekke barnehage, eit born på SFO på Dingemoen, så returnere forbi Flekke for å komme seg til jobb. Når ein er ferdig på jobb skal ein ta same rute for å hente borna. Fjaler kommune har moglegheit til å opprettholde ein enklare kvardag for mange av innbyggarane i Fjaler.

Me bur i eit lite samfunn og er avhengig av at innbyggarane stiller opp med frivillig arbeid i lag og organisasjonar, inkludert aktivitetar for borna. Mange fritidsaktivitetar føregår i Dale og foreldre køyrer gjerne borna sine, me stiller gjerne opp som trenarar, lagleiarar, men kapasiteten vår vert meir avgrensa om me skal ha ein kvardagslogistikk til og frå skule som krev meir av oss. Me har eit aktivt idrettslag i Flekke. Gjennom Svint IL vert det arrangert alltrening og friidrett for borna, sirkeltrening og jympa for dei noko eldre. Forsvinn skulen, forsvinn borna frå Flekke, er me uroa for konsekvensane det får for idrettslaget, og vidare konsekvensar for borna og bygda.

Flekke skule er ein inngangsport til lokalsamfunnet for familiar knytt til UWC

Flekke skule spelar ei viktig rolle for familiar som har flytta til Haugland for å jobbe på UWC, og skulen har etter kvart bygd opp ei svært brei erfaring i å ta imot born og familiar med ulik kulturell og språkleg bakgrunn. Denne unike kunnskapen vil ein risikere å miste dersom ein legg ned skulen.

Flekke skule vert òg trekt fram som ein viktig lokal møteplass og arena for familiane knytt til UWC, der ein lett kjem i kontakt og vert kjend med andre foreldre. Denne type lokale møteplassar er særs viktige i små lokalsamfunn både for familiar knytt til UWC og andre familiar som har flytta til bygda.

At skulen ligg i gå- og sykkelavstand frå UWC har stor betydning for familiar knytt til UWC. For tilflyttarar frå land utanfor EU er det utfordrande å få førarkort som gjeld i Norge. Dette gjer det svært utfordrande med transport til og frå Dingemoen, spesielt i samband med SFO sidan det ikkje vert tilbydd skyss til SFO. Likeeins vert det utfordrande å stille på foreldremøter og utviklingssamtaler.

I praksis vil dette seie at elevar av foreldre som jobbar på UWC får mindre moglegheiter til å verte ein del av lokalsamfunnet og delta i aktivitetar knytt til skule og fritid. Dette er svært bekymringsfullt og fører mellom anna til at borna ikkje får like moglegheiter til ei trygg og god fritid.

Organisering av undervising

Flekke skule gjev tryggleik, tilhøyrsle og eit oversikteleg miljø som er særskilt viktig for dei yngste borna. Før ein gjennomfører ei eventuell skulenedlegging må det vere grundig utgreia om det i realiteten er mogleg å gje eit godt skuletilbod for alle elevane, ved Dingemoen skule.

På spørsmål til kommuneleiinga kring kapasiteten på Dingemoen, får vi tilbakemelding om at det er god kapasitet til å ta imot elevane frå Flekke, på Dingemoen. Ei konkret vurdering av korleis ein skal organisere og gjennomføre undervisinga på skulen føreligg derimot ikkje. Vi undrar oss særskilt over korleis det skal gjerast i åra der det t.d. vert 39 elevar i 1. klasse samtidig som det er 35 elevar i 3. klasse. FAU er uroa for korleis ein skal sikre ei god organisering av undervisinga for elevane og dei tilsette når ein då samtidig skal redusere tal tilsette i oppvekstsektoren og får mindre fleksibilitet i høve bruk av klasserom og grupperom.

FAU er uroa for om det er mogleg å få til god organisering av SFO, undervising, friminutt, garderobesituasjonar, tilpassa opplæring og anna - på dei disponible areala. Denne uroa auka etter at Kunnskapsdepartementet nyleg la fram forslag til endring i organisering av undervising for 1. og 2. klasse. Forslaget inneber å satse på mindre grupper, meir leik, rørsle og tettare oppfølging av dei yngste elevane. Med bakgrunn i dette vert det vanskeleg å forstå at Fjaler kommune vil få ei innsparing i å legge ned Flekke skule og samle borna våre på ein større skule.

Flytting av elevar – kven skal stå føre dette og korleis skal dette føregå?

Til tross for gjentekne spørsmål kring korleis prosessen for å overføre elevar frå Flekke til Dingemoen skal vere, har vi ingen informasjon om korleis dette skal planleggast eller gjennomførast. Dette er svært urovekkande då føreseielegheit og tryggleik for elevane er avgjerande for å lukkast med ei eventuell samanslåing av skular. Når vi i tillegg kjenner til at kommunalsjef oppvekst skal gå av med pensjon om kort tid, er det vanskeleg å sjå føre seg at dette kan gjennomførast på ein måte som ivaretek elevar og tilsette.

Oppsummering

FAU ved Flekke skule meiner kommuneadministrasjonen og politikarane ikkje kan gjere eit så dramatisk inngripande og irreversibelt vedtak om nedlegging av Flekke skule, basert på saksgrunnlaget ein har idag. Vi ber om at ein ser på barnehagen, skulen, arbeidsplassane og lokalsamfunnet som ein heilskap, og vurdere dei langsiktige konsekvensane av ei skulenedlegging – særleg når det er stilt spørsmål ved om nedlegginga faktisk vil føre til økonomiske innsparinger.

Helsing
FAU Flekke skule